



REGISTRERINGSRAPPORT

Med funn av automatisk freda kulturminne

Detaljreguleringsplan for ny brannstasjon på Remmen

Halden kommune



Jan Berge 2021



Søraustre del av ID 269719 – med P6 i forkant. Tidlegare dyrka mark. P8 kan skimtast i bakgrunnen til høgre. Sett mot vest.

Saksnummer og navn		2020/112617 Remmen	
Kommune		Halden	
Gardsnamn – gnr./Bnr.		60/1 Refne Nordre, 60/6 Haugset, 60/37 Remmen kunnskapspark, 501/93 Del av Fv B-921, 501/100 Del av Rv.21	
Oppdragsgjevar		Halden kommune	
Utført av			
Periode	Type arbeid	Timar	
Jan Berge	14.05-25.05.20	Forarbeid	3:00
Jan Berge	20.05-04.06.20	Registrering	38:30
Jan Berge	05.06.20-06.01.20	Etterarbeid	36:30
Morten Bertheussen	20.05-04.06.20	Registrering	51:30
Morten Bertheussen	05.01.20	Etterarbeid	2:30
Sum			132
Faglege konklusjonar		Askeladden ID	
X	Automatisk freda kulturminne	269719, 269720, 269721	
	Ikkje automatisk freda kulturminne		
X	Frå før kjent kulturminne	269346	
	Utgraven i samband med registreringa		
	Ingen funn		
Naturvitskapelege prøver		Mengd	
	¹⁴ C	1	

Neste side: Plassering av planområdet i Viken fylke og i Halden kommune.



Bakgrunn for registreringa

I eit brev av 07.04.20 vart det varsla oppstart av reguleringsarbeid for ny brannstasjon på Remmen i Halden kommune. I nærområdet er det fleire kjente kulturminne, hovudsakleg busetnadsspor frå jernalder og gravfelt frå same periode. Arkeologane Sigrid Mannsåker Gundersen og Arild Lunde Teigen frå Viken fylkeskommune var 06.05.20 ute på ei utvida synfaring. I denne samanheng gjorde dei funn av flint på eit par lokasjonar nord i planområdet. Ut frå dette varsla Viken fylkeskommune i brev av 11.05.20 om behov for ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9.



Kart med plangrense, lokalitetar og prøvestikk avmerkt.

Samandrag


Det vart automatisk freda kulturminne i form av tre steinalderlokalitetar. Ein av lokalitetane hadde i tillegg ein struktur radiologisk datert til førromersk jarnalder – dette er truleg ei kokegrop.

Lokalitetar funne på registreringa						
ID-nr. ¹	Kulturminnetype	Vernestatus	Skildring	Datering	Gnr./namn	Merknad
269719	Aktivitetsområde	Aut. freda	37 flint	7000-5600 fvt.	60/1 Refne Nordre, 60/37 Remmen kunnskapspark	4968 m ²
269720	Aktivitetsområde	Aut. freda	3 flint + 1 kokegrop	7000-50 fvt.	60/1 Refne Nordre	651 m ²
269721	Aktivitetsområde	Aut. freda	4 flint	7000-5600 fvt.	60/1 Refne Nordre	489 m ²

Deltakarar og tidsrom

Med på registreringa var feltarkeologane Jan Berge og Morten Bertheussen frå Viken fylkeskommune. Feltarbeidet vart gjennomført i mai/juni 2020.

Områdeskildring



Kart med nærområdet kulturminne markert.

¹ ID-nr. i riksantikvarens kulturminnedatabase «Askeladden» www.kulturminnesok.no

Planområdet ligg vest for Halden sentrum, på vestsida av krysset Svinesundveien (Rv. 204)/BRA veien (Fv. 921) og sør for Håkon Melbergs vei. På andre sidan av Fv. 921 ligg Høgskolen i Østfold. Området er noko kupert, med ein del dyrka mark og infrastruktur i sør og aust, medan området i nord og vest er meir skogkledd bergryggar. Sjølve planområdet er berre skog og berg i til dels fleire høgdenivå. For nokre tiår sidan var ein del nord i planområdet dyrka mark.

Dei næraste kjente kulturminna er eit parti med holveggar og eit par gravrøyser i vest og nordaust.



Flyfoto frå slutten av 1940-talet viser at eit parti nord i planområdet var dyrka mark.

Metode

Prøvestikking

Prøvestikking er ein søkemetode der ein ser seg ut stadar i planområdet med potensiale for funn frå steinbrukande tid. Med spade grev ein så prøveruter på om lag 40 x 40 cm. Djupna varierer, men går hovudsakleg ned til steril undergrunn eller berg. Massane i prøvestikket vert sålda gjennom et handheldt såld med 5 mm masker. Er det mogleg å nytte vatn er det å føretrekke, men som regel vert massane tørrsålda. Det er hovudsakeleg kulturspor frå steinalder som påvisast med denne metoden, til dømes omarbeidd flint og andre mineralråstoff.

Som dokumentasjon vart det teke digitale foto og prøvestikka vart målt inn med CPOS 3D-Float oppløysing. Kartgrunnlaget er WGS84_UTM32N.




Morten såldar massane i P10 (ID 269719) etter flint. Sett mot sørvest.

Undersøkinga

ID 269719 Busetnad- aktivitetsområde frå steinalder

Som nemnt innleiingsvis hadde Sigrid og Arild alt påvist flint i området – i tre funnførande prøvestikk. To av dei ligg nord i lokaliteten. Her er ein sal i terrenget som tippar ned i nord og sør og er skjerma av berg i aust og vest. Vi fekk utvida med eit par funnførande prøvestikk til. Det tredje funnførande prøvestikket frå synfaringa ligg ein 70-80 meter sør for dei to fyrstnemnte.

Til saman har vi 13 funnførande prøvestikk på ID 269719. Totalt resulterte dette i 37 avslag og bitar av flint – deriblant nokre mikroflekke. Fire prøvestikk inneheldt 4 bitar flint kvar og var dei mest funnførande stikka. Sjølv om det var nokre funntomme stikk innanfor lokaliteten, slo eg alt saman til eit ca. 140 x 70 meter stort funnområde. Særleg topografiske tilhøve tilseier at dette funnområdet truleg representerer fleire opphald i steinbrukande tid. Eg vil tru Sigrid og Arilds PPS1-2 og våre P12 og 16 utgjer ei hending. Området sørvest for P12 er eit daldrag som stig svakt mot sørvest. Dette kan ha potensiale og moglegvis heller vere miljøet P12 høyrer til. Sidan dette ligg utanfor planområdet sjekka vi ikkje nærare. P17 ligg på ei smal hylle vest i lokaliteten og avgrensast naturleg av berg i vest og hellande terreng i dei andre retningane. P9 og 10 ligg på ei eiga hylle og representerer truleg eit liknande tilfelle.



ID 269719 med tilhøyrande prøvestikk markert (funnførande nummerert).

Undergrunnen er varierende. I nordre og høgareliggande del av funnområdet er den mest lik naturleg skogsbotn, med til dels grå utvaskingslag og raudbrun anrikingslag med sand og grus. I sørre delen er det meir brun sand og matjordaktig masse. Her har det tidlegare vore dyrka mark.

Dersom vi ser for oss at lokaliteten(e) er strandbundne, har havnivået i brukstida grovt rekna vore på mellom 58-53 meter over havet. Høgda 70-50 moh høyrer til midtre del av eldre steinalder - siste del av mellommesolitikum og Trinnøksfasen og daterast til tidsrommet 7000-5600 før vår tidsrekning.



Sigrød og Arild sine funnførende prøvestikk nord i planområdet på ID 269719, markert med Morten i forgrunnen og kvit stikke i bakgrunnen. Sett mot nordaust.



ID 269719 P5 sett mot nord.



ID 269719 med P6 i forgrunnen, Morten ved P4 i bakgrunnen. Sett mot sør.



ID 269719 med P8 i forgrunnen. Fv. 921 skimtast mellom trea i bakgrunnen. Sett mot søraust.



ID 269719 – Jan dokumenterer profilen av P10. P9 i bakgrunnen markert med kvit stikke. Sett mot nord.



ID 269719 – P10 markert med kvit stikke. I bakgrunnen ser vi Morten stå ved P8, så vi får ei kjensle av dei ulike høgdenivåa i denne delen av planområdet. Sett mot søraust.



ID 269719 – P12 markert med kvit stikke. Dette prøvestikket er teknisk sett rett utanfor planområdet. I området i bakgrunnen på bildet er det også potensiale for steinalderfunn. Sett mot sørvest.



ID 269719 – P16 markert med kvit stikke. Sett mot sør.



ID 269719 – P17 markert med kvit stikke. Sett mot nord.



ID 269719 – Morten ved det tredje funnførande prøvestikket til Sigrid og Arild. Sett mot nordaust.

I areal er funnområdet ca. 4967.85 m² (7329.55 m² med sikringssona).

Liste over prøvestikk			
Nr.	Djupn	Lagskille	Funn
1	>40 cm	Ukjent.	4 avslag av flint. Funne på 10-40 cm djupn.
2	>25 cm	Ukjent.	3 avslag og 1 mikroflekk av flint. Funne på 15-25 cm djupn.
3	>40 cm	Ukjent.	1 avslag (mogleg kjerne) og 2 mikroflekker av flint. Funne på 35-40 cm djupn.
4	50 cm	20 cm torv/matjord, så brunraud sand/silt – seig masse.	2 avslag av flint. Funne i toppen av torva til ca. 20 cm djupn – i toppen av eit siltlag.
5	45 cm	Torv + raudgul sand.	4 avslag av flint. Funne i raudgul sand på 15-35 cm djupn.
6	45 cm	30 cm matjord, så beige, seig silt.	1 mikroflekkefragment av flint. Funne på ca. 35 cm djupn, i toppen av eit beige siltlag.
7	55 cm	30 cm torv + mørk jord, resten raudbrun sand.	2 mikroflekker og 1 avslag av flint. Funne i brun sand på 10-40 cm djupn.
8	55 m	40 cm matjord, så grågul seig silt.	2 avslag av flint. Funne i matjordslaget på ca. 35 cm djupn.
9	45 cm	10 cm torv, 20 cm brunraud sand – gulbrun seig sand i botn.	1 mikroflekkefragment og 2 avslag av flint. Funne frå høgt i torva til ca. 30-35 cm – botnen av den brunraude sanda.
10	45 cm	10 cm torv, 25 cm brunraud sand – gul sand i botn. Ein stor stein dekker ein god del av stikket.	2 avslag av flint. Funne på 15-30 cm djupn – frå toppen og ned i lag med brunraud sand.
12	60 cm	45 cm brun matjord. Under dette raudbrun grus.	4 avslag av flint. Funne på 45 cm djupn – toppen av lag med raudbrun grus.
16	40 cm	15 cm torv, så seig, fuktig, gråsvart sand/grus.	3 avslag av flint. Funne på 15-20 cm djupn – toppen av gråsvart gruslag.
17	35 cm	10 cm torv – grå og raudbrun grus.	2 avslag av flint. Funne på 10-15 cm djupn, i overgangen grå sand – gråbrun grus.



ID 269719 – flintfunna frå Sigrig og Arild sine funnførande stikk i nord.



ID 269719 – flintfunn frå P5.



ID 269719 – flintfunn frå P12.




ID 269719 – P8 vestre profil med matjordlag under torva og grågul silt i botn.



ID 269719 – P9 med klassisk skogsbotnprofil: Grått utvaskingslag under torva, raudbrunt anrikingslag og gulbrun undergrunssilt i botn. Sett mot sørvest.

ID 269720 Busetnad- aktivitetsområde frå steinalder

Rundt ein 50 meter lengre sørvest i planområdet påviste vi ein lokalitet med to funnførande prøvestikk med til saman 3 avslag av flint.



Kart over ID 269720 med tilhøyrande prøvestikk markert (funnførande nummerert).

Dei to stikka skil seg ein del frå kvarandre. I profil ser vi i P13 høvesvis normal skogsbotn med torv, grått utvaskingslag og gulbrun sand. I P11 er torvlaget tynt, og under dette er vi rett på eit brunt lag med sand og grus. Det verkar ikkje som eit naturleg lag, men det er heller ikkje av heilt ny dato i form av moderne dyrking. Nedetter i prøvesticket fans minst 7 steinar av storleik dobbel knyttneve – alle hakkete og ikkje vassrulla. Mogleg noko var skjørbrent. Rundt 45 cm ned i sticket låg det ei steinpakning med skjørbrent stein. Under steinpakninga har vi eit gråsvart lag med stort innslag av trekol. Under dette att har vi den sterile undergrunnen med ljøs, gulgrå sand.

Tolkinga av steinpakninga og trekollaget i botn av P11 er at dette truleg er ei kokegrop. Ei kolprøve daterte strukturen til tidsrommet 345-50 fvt. – førromersk jernalder. Dette er ei svært vanleg datering på kokegroper i Østfold.

I tillegg var det to avslag av flint i sticket - desse låg i det brune laget over kokegropa – på ca. 20-40 cm djupn.




ID 269720 – P11 profil, med brun jord og stein over pakning med skjørbrent stein og trekol. Sett mot sørvest.



ID 269720 – P11, detalj av steinpakning og lag med trekolhaldig sand i botn – tolka å vere truleg ei kokegrop.



ID 269720 – P13 med klassisk podsolprofil: Torv, grått utvaskingslag, raudbrunt anrikingslag og gulbrun silt i botn. Sett mot nord.



ID 269720 – flintfunn frå P11 og P13.

Lokaliteten ligg på ei svært smal flate med loddrett berg i vest. Eigentleg byrjar terrenget å skråne nedetter mot aust-søraust så å seie ved dei funnførande prøvestikka. Terrenget heller også nedetter mot nord-nordaust og sør-sørvest, men ikkje like bratt. I desse retningane er lokaliteten avgrensa av funntomme prøvestikk. P11 ligg 32 meter rett vest for nordre hjørne av våningshuset på Svinesundveien 65.

Den estimerte strandkanten ligg på ca. 54 moh, så dateringa vert lik ID269719 – 7000-5600 fvt. – mellommesolitikum og Trinnøksfasen. Arealet er på rundt 651.21 m² (1341.34 m² med sikringssona).



ID 269720 – P11 markert med kvit stikke. Svinesundveien 65 i bakgrunnen. Sett mot aust.




ID 269720 – P13 markert med kvit stikke, P11 så vidt synleg mellom trea i bakgrunnen – Svinesundveien 65 i høgre kant. Sett mot nordaust.

Liste over prøvestikk			
Nr.	Djupn	Lagskille	Funn
11	60 cm	Tynn torv, så rett på brunaktig sand og grus. Ikkje naturleg masse, men heller ikkje heilt moderne dyrkingslag.	2 avslag av flint på ca. 20-40 cm djupn – i den brune grusen. I botnen ei kokegrop frå førromersk jernalder.
13	50 cm	15 cm torv, raudbrun sand.	1 avslag av flint. Funne på 20 cm djupn, i gulbrunt sandlag.

Naturvitenskaplege prøver			
Nr:	Askeladden ID:	Type:	Dato/init.
1	269720-1	¹⁴ C frå kokegrop – datert til 345-50 fvt. (førromersk jernalder).	22.05.20/JB

ID 269721 Busetnad- aktivitetsområde frå steinalder

Rundt 50 meter vidare mot sørvest vart siste lokaliteten påvist med to funnførande prøvestikk. Til saman inneheldt dei 2 flekker og 2 avslag av flint. Undergrunnen er klassisk podsol. Funna ligg i det raudbrune anrikingslaget.



Kart over ID 269721 med tilhørande prøvestikk markert (funnførande nummerert).



ID 269721 – P14 profil. Sett mot nordaust.



ID 269721 – P15 profil. Sett mot nordaust.



ID 269721 - flintfunn frå P14-15.

ID 269721 ligg også på ei smal hylle med berg i bakkant på vestsida og skrånande terreng nedetter i dei andre himmelretningane. Det skrånar såpass at ein kan undre på om det er rast ut noko i skråninga her, naturleg eller i samband med vegbygginga.



ID 269721 – P14 (nærast) og P15 markert med kvite stikker. Sett mot sørvest.

Den estimerte strandlinja ligg på rundt 55 moh. Også denne dateringa er i tidsrommet 7000-5600 fvt. – mellommesolitikum – Trinnøksfasen. I kombinasjon med funntomme prøvestikk og terreng er lokalitetens areal rekna ut å vere ca. 150.62 m² (489.36 m² med sikringssona).



ID 269721 – P14 og P15 (nærast) markert med kvite stikker. Sett mot aust-søraust.

Liste over prøvestikk			
Nr.	Djupn	Lagskille	Funn
14	50 cm	15 cm torv og grått utvaskingslag – så raudbrun sand.	1 flekke og 2 avslag av flint. Funne på 20-40 cm – i raudbrun sand.
15	40 cm	15 cm torv og grått utvaskingslag – så raudbrun sand.	1 smalflekk av flint. Funne på 16 cm djupn, i raudbrunt sandlag.

Kontrollregistrering

ID 269346 grøft

Sigrid og Arild registrerte eit søkk i terrenget nord i planområdet som dei tenkte kunne vere ein holveg, jf. ID 72758 som ligg rett vest for planområdet. Konklusjonen vår på dette anlegget er at det dreier seg om ei grøft – truleg ei open dreneringsgrøft i samband med planteskog eller utvaska bekkefar etter eit godt uvær.




ID 269346 – Morten står som markør midt i grøfta. Sett mot nordaust.

Ikkje freda kulturminne

Som i dei fleste planområde vi går over finnast det kulturminne som ikkje har fredingsstatus – gjerne nyare tids kulturminne. Ein svært vanleg sak å kome over er steingjerde, og slikt noko har vi her også.



Steingjerde liggande ovanfor Svinesundveien mellom ID 269720-21. Sett mot aust.




For ca. 8000 år sidan sto havet ein 50-55 meter høgare enn i dag. Då var denne delen av Halden eit skjergardslandskap med øyer og grunne sund i mellom. Våre lokalitetar ligg som vi ser her på austsida av ei slik øy, godt skjerma i bakkant og med god tilgang sjøvegen til resten av landskapet og ressursane havet og strandsona byr på.

06.01 2021

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Espen Byrø'.

Feltarbeolog

Viken viser vei.



Postadresse: Viken fylkeskommune,
Postboks 220, 1702 Sarpsborg
Sentralbord: 32 30 00 00
post@viken.no

viken.no